



LYNGMO

GLYTSEN

JANUAR 2021



Lyngmo - Glytten 30. årgang - Januar 2021

TAKK FOR INNSATSEN!

JULEMIDDAG FOR UNGDOM

JULEVERKSTAD



Indremisjonstilsynet



NORSK LUTHERISK
MISIONSSAMBAND

Helsing frå Lyngmo

Det er mange som spør meg om korleis det går på Lyngmo og kva som skjer med drifta og arrangementa her. Kva er riktig svar i ein uoversiktleg og utfordrande periode? Eg kjem tilbake til at takksemid er viktig! Eg er takksam for at me kunne ha Torsdagsskubb og Knøttekor sist veke og for at me kunne gjennomføre julemiddagar og juleverkstad i desember. I oktober fekk me ha 3 leirar og basar. I september hadde me dameleir og 100 -års jubileum for NLM Sogn. Spring for Lyngmo vart også gjennomført med flott resultat! I sommarsesongen hadde me fleire selskap og me fekk ha delvis ope for norske og utanlandske gjester. Alt dette til tross for pandemi og smittevernstiltak... Eg er takksam for kollegaer som eg kan stå saman med for å gjennomføre dette!

Eg er takksam for at me så langt har greidd oss bra økonomisk. Fleire Lyngmovener har auka gávebeløpa sine og det har kome inn fleire store enkeltgåver. I tillegg er me heldige og fekk god hjelp gjennom støtteordninga frå staten som gjekk til frivilligheit og kultur.

Eg er takksam for hjelp frå dugnadsfolk som gjer at me kan utvikle og pusse opp Lyngmo



slik at det vert fint og godt å komme hit på ulike arrangement. Gunnar og Erik Asbjørn har montert nye støydempande takplater i internatgangen. Bjarne ordna det elektriske! No vert det enklare å få sove om kveldane for dei som bur i 2. etasje!

Ein gjeng frå vaktmeisterteamet vårt har rydda skog på eigedommen. Me er heldige som har mange gode hjelparar!

På same tid som eg kjenner på takksemid, så kjenner eg også på uro slik dei fleste andre i samfunnet gjer i denne tida. Sjølv om me er heldige og bur i distrikts-Norge og så langt

har vore skåna for større smitteutbrot vert me påvirka av korona-situasjonen. Frå 1. februar vert det ein ny runde med permitteringar (med ulik permitteringsgrad) for dei tilsette på Lyngmo. Det kjennen ikkje godt å gje beskjed om at nokon ikkje kan komme på jobb ei stund framover. Hugs på dei tilsette og deira situasjon!





Ein anna grunn til at me kjenner på uro er at det har vore meir krevjande å få nok frivillige til å bli med på leir. Spesielt er det utfordrande å få nok etablerte vaksne. På leir treng me leiatar frå alle aldersgrupper. Dette inkluderer også dykk som er i besteforeldre-generasjonen. Tenk kor flott det er å bli med slik at barnebarna og deira vener også kan få ta del i leirlivet og få oppleve det kristne fellesskapet på leir. Dette betyr mykje for den kristne trua til den neste generasjonen!

Håpar å sjå dykk på Lyngmo snart!

Helsing Kjetil, dagleg leiar



Crossroad 2021

8. KL – 3. VGS 19.-22. FEBRUAR

Andakt

Er det vanskeleg å vite kva du skal be om? Det syns eg og.

Ein måte me kan be på kan vere å bruke fingrane, slik som når me tel. Hold opp handa framfor deg.

Tommelen er nærmast deg, då ber du for dei nærmaste, det kan vere familie, slekt og venner. Dei er ofte lettast å hugse på.

Peikefingeren kan minne om å bli undervist. Me ber for dei som går i barnehagen og i skulen. Me ber og for alle dei som jobbar der. Her kan me be om at dei kan få visdom og tolmod, slik at dei kan gje det vidare til dei de møter.

Langfingeren er den lengste fingeren me har og kan minne om ein leiar. Be for dei som leiar landet, politikarar og samfunnet me lev i.


Ringfingeren er den svakaste fingeren. Be for dei som er svake, sjuke, og dei som saknar nokon.

Littlefingeren er den minste fingeren, be for deg sjølv, det kan vere noko du tenker på eller berre takke for at ein har det godt. Gud høyrer når me ber, både smått og stort.

Er de med meg og ber på fingrane?

«*Og denne frimodige tilliten har vi til han: at han høyrer oss når vi bed om noko som er etter hans vilje. Og når vi veit at han høyrer oss, same kva vi bed om, då veit vi òg at vi alt har det vi har bede han om.*» Johannes' første brev 5. 14-15

Helsing Emely



*Inspirert frå tekst på
Noreapastoren.no

Tusen takk for innsatsen!

Liljan og Amund kom til Sogndal i 2017, og har vore med på mange leirar sidan. Me på Lyngmo er takksame for jobben dei har gjort!

Kva motiverer dykk til å vere med som leirleiarar?

L: Eg var mykje på leir då eg var liten, og det var noko av det kjekkaste eg viste. Så då er det veldig kjekt å få vere med å bidra til at born her får reise på leir. Eg synes endå det er utruleg gøy med leir, men ikkje minst det at borna får høre om Jesus.

A: Eg har aldri vore på leir då eg var liten. Eg vart med for første gong som leiar berre for å teste. Eg merka fort at dette er noko eg synes er kjekt. Eg trur det handlar litt om den gode stemninga på leir. Det er ingenting som er kjekkare enn å få bidra til at born kosar seg på leir. Noko eg likar er å bygge relasjonar med born og ungdom. Då får ein vere eit tydeleg forbilete, der ein er med på å gje deltarane eit alternativ til andre fritidsaktivitetar. Det å komma på leir å høyra om Jesus trur eg er eit godt alternativ.

Har dykk eit minne eller høgdepunkt frå leir de har lyst til å trekke fram?

A: Oi, det er mykje. Kan eg sei fleire? Brokkolisaletan på frukosten, det er eit høgdepunkt, men ikkje det største høgdepunktet. Leirkveld, det er veldig høgdepunkt. Ikkje minst dei gangane ein når inn til ungdommane eller ungane med bodskapet om Jesus.

L: Kveldsrundane syns eg er veldig kjekke, då får ein ofte moglegheit til å bli betre kjent med dei, og får gode samtalar. Eit minne eg har frå ein ungdomsleir, me sat alle i ein sirkel i gymsalen, der ein ball vart sendt rundt og den som hadde ballen kunne dela noko dersom dei ynskja det. Det var fleire av ungdommane som heiv seg frampå sjølv om dei ikkje var vandt til det. Eg syns det var kult korleis det blei ein trygg arena for å dele.

A: Eg stiller meg veldig bak det!

Kven er dykk?

Liljan Klokkernes, 25 år, lærarstudent, fullfører masterstudiet no til våren.

Amund Klokkernes, 25 år, tømrarlærling (2 år igjen av læretida, som han kjem til å fullføre i Ølensvåg)

Amund, du har vore i leirnemnda, kvifor har dette vore viktig for deg?

A: Det er ganske enkelt, me må jo ha leiarar for at det skal bli leir, og nokon må jo vere den som spør. Eg syns eigentleg det er merkeleg at det skal vere så vanskeleg å få tak i leiarar. Litt av motivasjonen min bak å vere med i nemnda er at eg ynskjer at andre skal få sjå kor gøy det er å vere med som leiar på leir. Eg har ofte prata med dei i min vennekrens, fordi det har vore naturleg å oppsøka dei. Det er kjekt å kunna reisa saman med andre ein kjenner på leir. Det har vore veldig greitt å vere med i leirnemnda, det er viktig arbeid.

Helsing til lesarane

A: Eg kjem til å savne leirdeltakarane, veldig.

L: Eg oppfordrar dei til å komme på leir. Det er veldig kjekt og det er ein fin plass å få nye venner og gjere masse kjekt. Me håper de tek sjansen til å reise på leir og fortsett å oppsøka kristne fellesskap.

Takk for no!



Julemiddag for ungdom

Laurdag 19.desesmber var det julemiddag for ungdom. Over 40 flotte ungdommar frå 8.kl til 3.vidaregåande var med. På programmet sto gameshow, herrenes og damenes tale, andakt og så klart mykje god mat.

Etter at både ribba og pinnekjøtet var ete opp hadde Knut Jonas Guvordal fått det ærefulle oppdraget om å halde tale for damene. Han refererte fleire gonger til høgsongen der håret blei samanlikna med ein geiteflokk, og tennene med nyklypte sauer. Smilet og laternen satt laust blant publikum.

Seinare var det tid for tale til herrane. Her hadde ikkje leiarane for arrangementet gjort ein god nok jobb med å skaffe inn ein representant for damene. Det heile enda med at eg tok på meg ein kjole og parykk, skifta namn til Martina og blei jente. Publikum var sjokka, men likte tydelegvis det dei såg.

Då desserten var eten opp var det duka for siste øving i gameshowet, som hadde føregått gjennom heile kvelden. Vinnaren av konkurransen kom til å stikke av med sigeren. Konkurransen var enkel å grei: Første mann til å blåse opp ein ballong til den sprakk. Det blei ein tett og jamn duell.



Mitt bibelvers

Be, så skal de få. Leit,
så skal de finna. Bank
på, så skal det latast
opp for dykk.

Matteus 7.7
Jonatan Hurthi 18 år



Til sist var det både dessert og kaker. Alle blei gode og mette, etter fantastisk god mat frå kjøkkenet. Kvelden blei avslutta med ein kahoot før taxiane stod klare utanfor Lyngmo. Det hadde vore ein kjekk kveld med mykje smil og latter.

Helsing Martin Skjerdal.



Juleverkstad på Lyngmo

Det vart Juleverkstad på Lyngmo tross strenge restriksjonar. Her fekk me berre lov til å samle 50 born og vaksne. For å kunne arrangere fekk alle som kom faste plassar.

Me hadde servering, og det gjorde at alt fungerte veldig greitt. Dagen vart fylt med god førjulssteming for både born og vaksne, der vart det mange smil. Bor-

na laga og fekk med seg fleire fine juleting heim. Det var ein fin andakt og grautservering undervegs. Me håper me får arrangere juleverkstad utan tal-restriksjonar i desember



Leirtravaren

Namn: Ingrid Johanne Hurthi

Alder: 10 år

Kjem frå: Indre Hafslø

Har du vore mange ganger på leir? Eg har nes-ten vore på kvar leir sidan 2. klasse. Også litt før dette når mamma og pappa var leiarar på leir!

Kva tykkjer du det er kjekt å gjera på leir?

Å høyra frå bibelen og væra med andre.

Har du eit leirminne du vil dele?

Eg har fått meg nye venner på leir, og eg har fått høyra meir frå bibelen!

Kva skjer?

FEBRUAR 2021

- 4. Knøttekor og Torsdagsskubb
- 11. Småbarnstreff
- 18. Knøttekor og Torsdagsskubb
- 19.-22. Crossroad
- 25.-28. Leir for 4.-7. klasse

MARS 2021

- 4. Knøttekor og Torsdagsskubb
- 6. Sogn NLM: Årsmøte
- 11. Småbarnstreff
- 18. Knøttekor og Torsdagsskubb
- 19.-21. Leir for 2.-4. klasse
- 25. Småbarnstreff
- 26.-29. Familieleir Palmehelga
- 31.-4. Påskeleir NLM

APRIL 2021

- 8. Småbarnstreff
- 9. Vårbasar
- 15. Knøttekor og Torsdagsskubb
- 22. Småbarnstreff
- 29. Knøttekor og Torsdagsskubb

MAI 2021

- 6. Småbarnstreff
- 16. Ungdomsarrangement
- 20. Småbarnstreff
- 25.- 28. Vi over 60
- 28.-30. Ungdomsleir

Dersom de ynskjer å gje ei gåve til Lyngmo, kan det gjerast til kontonummer: 3000 32 79177

Vippsnummer: 119360– merk med Gåve

Anv:

Lyngmo fekk tildekt 131.942,- i samband med eit arveoppkjør, hausten 2020.

Tusen takk til familien!

Superblink blir Intro

Har du hørt at Superblink blir Intro?

Søk «Intro NLM» på youtube.com.

Her kjem mykje godt innhald for born i barneskulen!



Selskap, konfirmasjon eller minnestund?

På Lyngmo:

- Er staden for å samle familien.
- Er det god mat som folk flest likar
- Er det kjekt for borna: Gymsal og eige aktivitetsrom!

*Me tilbyr også catering med kaldtbord, middag eller snittar!

*Ta kontakt for informasjon / tilbod!

"NORGE P.P."

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 21
6869 Hafslø
Telefon: 57684366

E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

GDPR: LyngmoGlytten vert sendt til personar som har vore på leir eller som på anna måte har bedt om å få tilsendt bladet. Ta kontakt dersom du ikkje ønskjer å få det tilsendt lenger!

VINTERLEIR

2.-4. klasseleir

19.-21. mars

4.-7. klasseleir

25.-28. februar

Crossroad

19.-22. februar

(8.kl - 3. vgs)

Det blir gitt 25% søskenmoderasjon frå søsken nr. 2.

16. mai = Rusfritt ungdomsarrangement på Lyngmo

Bruk påmeldingsskjemaet på heimesida for påmelding.

Informasjon:

<https://www.lyngmoinfo.com/leir/>

«Alle med»: For enkelte familiar vert det for stor kostnad å reise på leir. Dersom dette gjeld dykkar familie kan de ta kontakt på e-post(lyngmo@lyngmoinfo.com) Då prøver me å leggje til rette for alternative støtteordningar.

Me ønsker å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltarar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

Me stiller krav til at

- ⇒ Leiarane som er med på leir skal leggje fram politiattest

